

Produktark: Jernbane - Banenettverk

BESKRIVING



Datasettet Banenettverk inneheld referanselinjer for jernbanestrekningar som er ein del av staten sin jernbaneinfrastruktur i Norge med geografisk stedfesta linjegeometri og noder. Nettverket har verdiar i samsvar med Jernbaneverket sin modell for lineære referansar (kilometrering).

FORMÅL/BRUKSOMRÅDE

Målet med datasettet er å definere eit referansenett for staten sin jernbaneinfrastruktur i Norge som kan nyttast til å posisjonere data langs jernbanen ved hjelp av lineære referansar. Datasettet utgjer i tillegg kjernen av Jernbaneverket sin del av dataleveransen inn mot INSPIRE Transportnett.

Datasettet kan nyttast på eit overordna nivå for å gi ein oversikt over kor staten sin jernbaneinfrastruktur i Norge befinn seg. Ved hjelp av lineære referansar (kilometrering) kan informasjon stedfestes på dei enkelte banane. Datasettet gir *ikkje* ein fullstendig oversikt over jernbanenettet på spornivå. For informasjon om enkeltspor viser vi til datasettet FKB-Bane.

EIER/KONTAKTPERSON

Jernbaneverket

Datateknisk: Håvard Moe, havard.moe@jbv.no

Fagekspert: Håvard Moe, havard.moe@jbv.no

DATASETTOPPLØSNING

Målestokktall: 5000-1000000

Stedfestingsnøyaktighet: Varierer, sjå produktspesifikasjon kap. 7

UTSTREKNINGSINFORMASJON

Utstrekningsbeskriving

Norges fastland

KJELDER OG METODE

Linjegeometri er basert på tilgjengelige linjeberegningar, innmålte data og FKB-data.

AJOURFØRING OG OPPDATERING

Datasettet blir ajourført kontinuerlig, og blir oppdatert til Norge digitalt med årlige versjonar.

Status

Kontinuerlig oppdatert

LEVERANSEBESKRIVING

Format (Versjon)

- SOSI, 4.5

Projeksjonar

- EUREF89 UTM sone 32, 2d

Tilgangsrestriksjonar

Ingen restriksjonar

LENKER

- [<Link til metadata i Geonorge>](#)
- [<Link til produktspesifikasjon>](#)